

Ein skule med plass til deg

Knarvik vgs.
Vestland fylkeskommune







Knarvik VGS – ein skule med plass til deg

På Knarvik vidaregåande går det rundt 850 elevar med ulike interesser, mål og planar for framtida. Nokre trivst best på verkstaden, andre vil fordjupe seg i realfag, språk eller samfunnsfag. Her møtest mange ulike elevar i same skulemiljø.

Skulen har eit breitt utdanningstilbod og mange moglegheiter. Du kan velje mellom yrkesfag, studiespesialisering og andre løp som passar ulike interesser og planar for framtida.


For elevar som vel yrkesfag, er vegen til arbeidslivet kort. Knarvik og samarbeidspartnarane våre i regionen er blant dei beste i landet på å skaffe læreplass til elevane.

Vi er ein stor skule, men kvardagen skal kjennast trygg og oversiktleg. Elevane skal bli sette av dei vaksne, bli kjende med kvarandre og finne sin plass i miljøet.



Våre utdanningstilbod

- Bygg- og anleggsteknikk
- Elektro og datateknologi
- Helse- og oppvekstfag
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse
- TAF/YSK-modellen
- Teknologi- og industrifag
- Tilrettelagd opplæring
- Innføringsklasse
- Vaksenopplæring



Elevane om Knarvik

«Skulen er fleksibel og tilpassar seg behova til elevane. Det betyr mykje å bli møtt på den måten.»
- Elev Gunnhild Sandhåland

«Miljøet her er nydeleg, og alle blir inkluderte.»
- Elev Simen Gudbrandsøy



Eit trygt og godt skulemiljø

Trivsel og gode relasjonar står sentralt på Knarvik. Vi legg vekt på at elevane skal bli sette og høyrde, og at det skal vere lett å be om hjelp når ein treng det.

Kvar skuledag kan elevane møtast til gratis skulefrukost. Det har blitt eit populært samlingspunkt og eit hyggjeleg avbrekk i skulekvardagen. Gjennom året blir det også arrangert aktivitetar og markeringar som samlar elevar på tvers av klassar og utdanningsprogram.

På Knarvik VGS ønskjer vi å tilpasse skulekvardagen etter det elevane treng og ønskjer. I prosjektet «Min draumeskule» fekk elevane kome med innspel til undervisning, klassemiljø og skulekvardag. Fleire av innspela er tekne vidare i utviklingsarbeidet på skulen, mellom anna ønsket om meir variert undervisning.



Helse- og oppvekstfag

Vil du jobbe med menneske og ha ein kvardag der du kan gjere ein forskjell? På helse- og oppvekstfag lærer du om helse, omsorg, kommunikasjon, utvikling og samarbeid.

Undervisninga vekslar mellom teori og praktiske oppgåver. Du får øve på situasjonar du kan møte seinare i arbeidslivet, samarbeide med andre og bruke det du lærer i praksis.



Behovet for fagfolk i helsesektoren er stort og vil vere det i åra framover. Det gjer helse- og oppvekstfag til ei trygg yrkesretning med svært gode moglegheiter for læreplass og jobb etter utdanninga. Her utdannar du deg til kompetanse samfunnet treng.

Vi ser etter fleire måtar å lære på

På Knarvik VGS ønskjer vi at elevane skal lære på ulike måtar. Derfor bruker vi mellom anna praktiske øvingar, prosjekt, temadagar, ekskursjonar og samarbeid med arbeidslivet.

I praksis får du også erfaring frå arbeidslivet og høve til å bli betre kjent med ulike yrke innan helse- og oppvekstsektoren.

Eit døme på korleis vi jobbar variert, er bruk av musikk og kor i undervisninga, der vi undersøker korleis musikk kan bidra til mellom anna kommunikasjon, samhandling, meistring og fellesskap.

Det er stort behov for kompetente fagarbeidarar i både helse- og oppvekstsektoren. På helse- og oppvekstfag får du eit godt grunnlag for vidare utdanning, læreplass og arbeidsliv.



Studiespesialisering

Studiespesialisering passar for deg som ønskjer generell eller spesiell studiekompetanse og vurderer vidare utdanning ved universitet eller høgskule.

På Knarvik VGS kan du fordjupe deg innan realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi. Du får eit breitt fagleg grunnlag og kan etter kvart velje fag ut frå interessene dine og planane du har vidare.

Ta Vg2 i utlandet

Elevar på studiespesialisering kan søkje om å ta Vg2 i utlandet. Eitt av tilboda er skuleår ved Saint Paul High School i Missouri i USA.

Utvekslinga er gratis gjennom det offentlege, og gir deg moglegheit til å oppleve ein ny skulekvardag utan dei store kostnadene som ofte følgjer med private utvekslingsprogram. Du får bruke engelsk kvar dag, bli kjend med nye menneske og ein annan kultur, og etter året i utlandet kan du gå vidare på Vg3.

Vi har også lang erfaring med Erasmus+ og internasjonale prosjekt.



Påbygg til generell studiekompetanse

Har du gått yrkesfag og ønskjer å studere vidare? Påbygg til generell studiekompetanse gir deg moglegheit til å få studiekompetanse etter eit yrkesfagleg løp.



Bergen Mekaniske
En del av Bergen Mechanical Group

Moderne mekanisk verksted på Hylkje

Vi leverer mekanisk fabrikasjon og maskinering med høy presisjon i karbonstål, aluminium og rustfritt stål.

+47 78101100 sales@bergenmek.no bergen-mekaniske-as bmg-as.no/bergenmekaniske

Elektro og datateknologi

Likar du teknologi, tekniske system og å finne ut korleis ting fungerer?

På elektro og datateknologi får du arbeide praktisk med elektriske anlegg, digitale løysingar og tekniske system.

Undervisninga kombinerer teori og praktiske oppgåver, og passar godt for deg som likar problemløysing, nøyaktig arbeid og ein variert skulekvardag.

Elektrofaga gir mange vegar vidare til læreplass og jobb. Kompetansen er etterspurd i fleire delar av næringslivet, og i Nordhordland er det gode moglegheiter for å kome vidare ut i lære.



Nytt: Automasjon

Frå 2026 tilbyr Knarvik automasjon. Dette er eit tilbod næringslivet i regionen har etterspurt over tid.

Automasjon handlar om system som styrer maskiner, produksjon og tekniske prosessar. Du lærer å arbeide med teknologi som er sentral i moderne industri, og utdanninga kan føre vidare mot jobb som automatiker.

BKK

Uten strøm stopper samfunnet. Derfor har BKK et av Norges viktigste samfunnsoppdrag: å sørge for at strømmen kommer fram til mennesker, bedrifter og industri på Vestlandet. Hos oss jobber energimontører, ingeniører og teknologer sammen for å bygge et smartere og mer bærekraftig energisystem. Enten du vil jobbe ute i felt, med teknologi eller utvikling av strømnettet, kan BKK gi deg muligheten til å være med på å forme fremtiden.

Kundeservice: kundepost@bkk.no +47 55 12 70 00
Les mer på: **bkk.no/karrieremuligheter-i-bkk**
Sosialemedier: BKKNett bkk.no bkk









Bygg- og anleggsteknikk

Likar du å jobbe praktisk, bruke hendene og sjå resultatet av det du gjer?

På bygg- og anleggsteknikk får du lære gjennom praktiske oppgåver og bli kjend med fleire fag innan bygg og anlegg.

Du får arbeide med ulike materiale, verktøy og arbeidsmetodar, og lære korleis ein planlegg og gjennomfører arbeid på ein trygg og god måte. Utdanninga passar for deg som trivst med ein variert kvardag og ønskjer ein praktisk veg vidare.

Tett på arbeidslivet

Knarvik VGS har eit tett samarbeid med bygg- og anleggsbedrifter.

Gjennom opplæringa får elevane møte arbeidslivet og prøve seg med praksis, ute i lokale bedrifter som skulen samarbeider med.

Her får du erfaring med korleis arbeidslivet fungerer, blir kjent med ulike fag og bedrifter og kan bygge kontaktar som kan vere verdifulle når du seinare skal søke læreplass.

Regionen er blant dei beste i landet på å skaffe læreplass til elevar på yrkesfag. For mange betyr det ein trygg og konkret veg vidare frå skule til læretid og jobb.



Teknologi- og industrifag

Er du interessert i maskiner, teknologi og praktiske løysingar?

På teknologi- og industrifag får du arbeide med produksjon, materiale, tekniske system og arbeidsmetodar som blir brukte i industrien.

Undervisninga er variert og praktisk, og du får lære korleis maskiner og produksjonsutstyr fungerer. Utdanninga passar for deg som likar å skru, bygge, feilsøke og finne løysingar.

Gode moglegheiter i regionen

Nordhordland og områda rundt Mongstad har mange bedrifter innan industri og tekniske fag. Det gir gode moglegheiter for læreplass og jobb etter skulen.

Teknologi- og industrifag er eit populært utdanningsprogram på Knarvik VGS, og mange elevar vel denne retninga fordi det finst mange spennande arbeidsplassar i nærleiken.





TAF/YSK – fagbrev og spesiell studiekompetanse

TAF/YSK er eit fireårig utdanningsløp for deg som ønskjer å kombinere yrkesfag med studiekompetanse.

Her vekslar du mellom undervisning på skulen og arbeid i bedrift. Du får tidleg erfaring frå arbeidslivet, og du får lønn for tida du arbeider i bedrift.

Når du er ferdig, har du både fagbrev og spesiell studiekompetanse. Det gir deg moglegheit til å gå rett ut i jobb eller studere vidare.

TAF/YSK passar godt for deg som er motivert, likar realfag og ønskjer både praktisk erfaring og eit solid fagleg grunnlag.

Knarvik VGS tilbyr TAF/YSK innan fagområda bygg, elektro, helse og teknologi- og industrifag.



Eit populært tilbod

TAF/YSK er eit av dei mest etterspurde tilboda på Knarvik og trekkjer elevar frå fleire delar av regionen. Kombinasjonen av skule, arbeidserfaring, lønn, fagbrev og studiekompetanse gjer dette til eit attraktivt alternativ for mange.



K.LERØY METALLINDUSTRI AS
SIDEN 1957

leroymetall.no

Vi bygger fremtidens fagfolk!

Som en stolt lærebedrift satser vi på neste generasjon fagarbeidere. I dag har vi seks lærlinger innen CNC, platearbeid og industrimekanikk.

@leroymetall @k-leroy-metallindustri-as



Innføringsklasse

Skal du begynne på vidaregåande, men treng meir tid til å bli trygg i norsk først? Innføringsklassen kan gi deg eit godt grunnlag før du går vidare til Vg1.

Her får du undervisning i norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag og kroppsøving.

Målet er at du skal bli betre rusta til å følgje undervisninga og delta i skulekvardagen når du startar på vidaregåande opplæring.

Ein trygg start på vidaregåande

I innføringsklassen får du høve til å utvikle språket ditt samtidig som du arbeider med fleire av faga du møter vidare i skulen.

Etter innføringsåret kan du gå vidare til yrkesfag eller studiespesialisering, alt etter kva som passar for deg.

Innføringsklassen er også ein del av mangfaldet på Knarvik VGS. Her møter elevar med ulike språk, erfaringar og bakgrunnar kvarandre i same skulemiljø.





Bli **lærling** hos
Eikefet Minerals

EIKEFET MINERALS AS

Få praktisk erfaring, lær av dyktige fagfolk og start karrieren i et fremtidsrettet produksjonsmiljø.
Søk lærlingplass hos oss!

Eikefet Minerals AS dcresources.no/dc-eikefet

Tilrettelagd opplæring

Knarvik VGS har ei stor avdeling for tilrettelagd opplæring.

Her får elevane eit opplæringstilbod som blir tilpassa føresetnadene, behova og måla til den enkelte.

Elevane får tett oppfølging av eit tverrfagleg miljø med lærarar og miljøarbeidarar. For nokre handlar skulekvardagen om å utvikle faglege ferdigheiter, for andre kan trening på sjølvstende, kommunikasjon, sosial deltaking og meistring vere ein viktig del av opplæringa.

Vil du sjå alle tilboda våre? Gå inn på nettsida vår og finn utdanningstilbodet som passar for deg.

Ein del av fellesskapet

Tilrettelagd opplæring er ein viktig del av identiteten til Knarvik VGS. Elevane blir ein del av eit større skulemiljø, samtidig som dei får den støtta og tilrettelegginga dei treng i kvardagen.

Mange elevar opplever eit nytt fellesskap når dei kjem til vidaregåande, med andre ungdommar i liknande situasjon og vaksne som har tid og kompetanse til å følgje dei tett.

Målet er at kvar elev skal få utvikle seg ut frå sine eigne føresetnader og oppleve tryggleik, meistring og tilhøyrsle på skulen.





Opplæringskontoret Nordhordland

Me bind saman ungdom og arbeidsliv i Nordhordland

56 34 17 30
post@oknordhordland.no
oknordhordland.no

JON A. NYGÅRD AS
MURMESTER

BLI MURER!

Lær et tradisjonsrikt håndverk hos Murmester Jon A. Nygård AS

Bad • Piper og ildsteder • Mur og flis • Rehabilitering

55 24 79 00
kontor@murmester.org
murmester.org

Knarvik vgs.
Vestland fylkeskommune

Husk søknadsfrist 1. mars





Kontakt oss

Knarvik vidaregåande skule
Juvikstølen 9
5916 Isdalstø

Telefon 56355400
E-post: post.knv@vlfk.no
knarvik.vgs.no



JS NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 117035 · www.jsnorge.no